

# Foreinar nasjonar med Uno og Ludo

HØGE UTROP, HENDER I VERET, LATTERBRØL OG KVISKRING. KVAR TORS DAG FINN FORSKJELLIGE NASJONALITETAR KVARANDRE OVER SPELEBRETTEPÅ NORDFJORDEID.



**På kjøkkenet:** Inger Johanne Brekke og Torill Epletveit arrangerer kveldens kafe.

**Spel:** Ridwon (t.h.) gjorde eit godt trekk i Sequence. Alina (t.v.) har nye planar.

– Spel, ikkje noko meir enn spel, seier Inger Johanne Brekke i Eid Røde Kors.

Spel og litt mat er tilbodet dei har på Internasjonal Kafe på Eid. Det må ikkje vere for komplisert. Då kjem det folk, folk frå «heile» verda. Inger Johanne og Torill Epletveit står på det to kvadratmeter store kjøkenet på Frivilligsentralen og førebur storinnrykk.

– Lagar du teen ferdig? Er det ikkje like godt å berre varme vatn, så dei kan velje? Spør Inger Johanne.

– Det er denne dei vil ha, så dette er meir lett vint, svarar Torill. Svart te er teen for alle nasjonar.

Dei legg frukt på fat, druer, eple, bananar. Og lyse kjeks. Set alt ut på borda, som faktisk er av respatek. Set fram korgar med godt slitte øskjer merka «Damm».

– Hei og velkomen! Du er så fin i dag, eg blir så fornøgd når eg ser nokon i raudt, seier Inger Johanne til kveldens første gjest, ei kvinne frå Aust-Afrika.

– Hugsar du namnet mitt, spør ho.

– Hm... Nasteo?

– Ja, Bra!

Dei jublar begge over å hugse og å bli hugsar. Kafeen er ein aktivitet som skal vere ei hjelp på vegen til å bli integrert. Terskelen er

låg, med samarbeid med norsksenteret, gratis mat og drikke. Og ingen større praktiske vyer enn å spele spel. Alle slags tradisjonelle brettspel og kortspel.

– Eg hugsar eg kom til Eid i mai 2011, og det var då eg byrja å gå hit. Sidan har eg blitt, seier Ridwon, som no går på vidaregåande skule på Sandane.

– Eg er her ofte, spelar spel, har det kjekt med andre. Eg lærte norsk her, og byrjar å bli kjent med folk, både norske og andre. No har eg fleire vener som kjem herifrå. Skal vi prøve å spele litt, spør ho.

– Eg vil gjerne spele Sequence, svarar Anton, ein av dei Røde Kors frivillige, og får flertal for det. Elena frå Bulgaria, Alina frå Polen og Riwon frå Somalia set opp brettet. Dei held korta tett til brystet, prøver å lure kvarandre av brettet med raude eller blå brikkar. Desse fire, frå fire nasjonalitetar, sit plutselig og kommuniserer tett, kjapt og treffsikkert.

– Kor ofte får vi vaksne høve til å spele brettspel, spør Polske Alina og klaskar eit kort i bordet så motspelar Anton skvett. Dei er midt i eit sett av Sequence, her gjeld det å vere smart. Anton held korta tett til brystet før eit lurt smil avslører neste mottrekk.

– Då må eg ta deg, ler Alina med ein rå latter

og stoppar alle planane til Anton.

– Nei, nei, det har ikkje du lov til, ropar han fortvila.

Samtidig skjer det same i sofaen, ei gruppe ligg rundt kinasjakken og fyller opp husa med raude, grøne og blå kuler. Ved eit langbord sit tre karar og spelar Ludo. Ved eit anna bord får Uno fram den eine saftige kommentaren etter den andre. Til saman er rundt ti nasjonalitetar i spel.

– Det er mykje kjekkare å komme seg ut enn å sitte heime og klage på veret, seier Alina, som har delteke på kafeen i tre år.

– Det er kjekt å treffe folk, spele litt, snakke norsk. Dette er veldig sosialt. Det er ikkje så lett å få norske vener, seier ho.

– Alina har hjulpet oss til å få fleire til å komme hit også, skryt Anton. Det har vore litt av problemet å komme i kontakt med folk og gjere tilbodet kjent for dei som kan ha glede av det.

Denne kvelden har det møtt opp over 20 gjester på Eid Røde Kors Internasjonale Kafe. Sjølv om det spenner frå Polen og Bulgaria til Sri Lanka og ulike land i Midtausten og Afrika, er det norsk som er hovudspråket rundt borda.